

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 11.02.2025

Vår ref.: 201107642-68 Oppgis ved henvendelse

Deres ref.:

Høyring av søknad om planendring for Føssaberge kraftverk i Vang kommune, Innlandet

NVE har fått ein søknad frå Clemens Kraft AS om planendring for Føssaberge kraftverk i Vang kommune. Søknaden blir no send på høyring til ramma partar med høyringsfrist 28.3.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at kunngjering og brei offentlig høyring er nødvendig. Søknaden blir derfor send på høyring til dei som tidlegare har uttalt seg til saka. Søknaden skal behandlast etter reglane i vassressurslova kapittel 3.

Kva det vert søkt om

NVE har fått ein søknad frå Clemens Kraft AS, datert 31.1.2025, om planendring for Føssaberge kraftverk i Vang kommune. Kraftverket fekk opphavleg konsesjon i 2016. Clemens Kraft AS ønskjer no å auke effekten i kraftverket frå det konsesjonsgitte gjennom å senke kraftstasjonen med to meter samanlikna med opphavsleg nivå. Dette inneber at kraftverket si utløpskanal vert forlenga ca. 200 m nedover elveløpet.

Søknaden er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9578/V.

Saksdokument frå den opphavlege konsesjonsbehandlinga er tilgjengeleg på: www.nve.no/6554/V

Kva vi ønskjer fråsegn om

Gjennom høyringa ønskjer NVE å få inn synspunkt på endringane som er presenterte i søknaden. Vi ønskjer konkrete synspunkt på om de endra planane bør gjennomførast, ev. forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av planane. Vi presiserer at vi ber om synspunkt på endringane i planane, og ikkje generelle kommentarar til utbygginga. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.



Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9578/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201107642 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 201107642 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

28.3.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Dersom uttalen er lang, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Tord Solvang
Senioringeniør

Godkjent i samsvar med NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

FORENINGEN TIL BÆGNAVASSDRAGETS REGULERING
VANG KOMMUNE
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV INNLANDET
Naturvernforbundet i Valdres
Knut Rogn Tveit
Nils Rogn
Heidi Mariussen Hansen
STATSFORVALTEREN I INNLANDET
INNLANDET FYLKESKOMMUNE
VANG ENERGIVERK AS
NATURVERNFORBUNDET I INNLANDET
BIRDLIFE NORGE VALDRES LOKALLAG

**Kopimottakarliste:**

CLEMENS KRAFT AS - Martin Vangdal